



# Bremanger kommune

Oppvekst

Vår sakshandsamar:  
Gro Bakke Abildsnæs

Vår ref:  
21/11929

Dato:  
28.10.2021

## Vedtekter for kommunalt FAU

Bremanger kommune

## VEDTEKTER

### Bremanger KFU (kommunale foreldreutval)

#### § 1. FØREMÅL

KFU skal vere eit samordnande og koordinerande organ for foreldreråda ved alle oppvekstsentrar i Bremanger kommune og ha som føremål å:

- arbeide for å fremje eit godt samarbeid mellom foreldra, skule, barnehage, skule- og barnehageadministrasjonen og politiske vedtaksorgan i Bremanger kommune
- vere eit høyringsorgan og eit rådgjevande organ på vegne av foreldra ved alle oppvekstsentrar i kommunen
- drive informasjonsarbeid og idéskaping og hjelpe til med erfaringsutveksling og foreldresamarbeid mellom dei ulike oppvekstsentrar i kommunen
- leggje til rette for større foreldreengasjement slik at kvart barn og kvar elev skal ha det best mogleg i barnehage og skule

#### § 2. ORGANISERING

##### § 2.1 Samansetnad av utvalet

KFU er samansett av to representantar frå kvart oppvekstsenter i Bremanger kommune; leiar, nestleiar eller annan representant. Representantane er valde av arbeidsutvalet for foreldrerådet ved kvart oppvekstsenter.

Dei valde har møte- og informasjonsplikt i FAU.

##### § 2.2 Valordning

KFU vel leiar, nestleiar og sekretær på første møte om hausten. Leiar, nestleiar og sekretær vert valde kvart år, men for å sikre kontinuitet, bør dei fungere i to år i verva, dersom mogleg.

#### § 3. MØTEORDNINGAR/SAKSGANG

### **§ 3.1 Møte**

KFU held møte når leiaren, kommunalsjef for oppvekst, eller 2/3 av medlemmene krev det og minimum fire gonger i året. Det blir sett opp ein møteplan for året på første møte om hausten. KFU får innkalling til møta to veker på førehand.

Kommunalsjef for oppvekst har møte- og talerett i KFU, men ikkje stemmerett.

Ved behov i særskilde saker, kan KFU invitere personar som ikkje er medlemmer til å vere med på møtet og ha talerett.

Første møte om hausten skal haldast innan 1. november kvart år.

### **§ 3.2 Voteringar**

Saker som blir tekne opp og krev voting i KFU, blir vedtekne med simpelt fleirtal. Det er 2 stemmer pr. oppvekstsenter. Ved likt tal stemmer, har leiar dobbeltstemme.

KFU krev 2/3 oppmøte for å vere vedtaksdyktig.

### **§ 3.3 Saksgang**

KFU fører møtebok og sender fråsegner og referat frå møta til alle representantar i KFU.

Referata blir sendt til skuleadministrasjonen i kommunen for arkivering, vidaresending til driftssjefane ved oppvekstsentrar og publisering på heimesida til Bremanger kommune.

### **§ 3.4 Saker**

KFU skal konsentrere verksemda si om større saker der det er naturleg eller ønskeleg å stå fram samla på vegne av oppvekstsentrar/FAU-utvala.

KFU avgjer sjølv kva saker dette gjeld:

- etter eigne framlegg
- framlegg frå dei ulike FAUa ved oppvekstsentrar
- framlegg frå driftssjefane ved oppvekstsentrar
- framlegg frå kommunalsjef for oppvekst

Sakene bør gjelde alle oppvekstsentrar i kommunen eller grupper av dei, men i spesielle tilfelle kan ein òg handsame einskildsaker som gjeld berre éin skule eller barnehage, men som har allmenn interesse.

## **§ 4. ØKONOMI**

KFU kan i samband med spesielle prosjekt/arbeidsoppgåver søkje om midlar utover skulebudsjettet.

## **§ 6. VEDTEKTENE**

Vedtekten vert godkjent av kommunestyret i Bremanger kommune.

Revisjon skjer etter behov og skal handsamast i KFU i forkant av vedtak i kommunestyret.

Helsing

Gro Bakke Abildsnes  
Kommunalsjef oppvekst

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*